

KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



Påskemorgon

Han Bjørnstad



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
www.kviteseid.sokn.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggtveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Kyrkjeverje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Sokneprest
Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



**Trusopplærar og
kyrkjelydssekretær**
Brit Helen Finstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil: 98 85 58 74
tru@kyrkjetrappa.no



Organist
Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: «Påskemorgon» av Olav Bjørgum.
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

«Nytt liv av daude gror»

Av sokneprest Møyfrid Lunde

Det er vel fagre stunder
Når våren kjem her nord
Og etter som eit under
Nytt liv av daude gror.

Slik syng vi i andre vers av den kjente vårsalmen til Elias Blix. Det underlege som skjer i naturen når vi går frå vinter til sumar er ei nær påminning om det store underet som vi feirar i påsketida.

Eit rykte hadde nådd to menn som vandra saman på vegen. Men kva skulle dei tru? Medan dei gjekk og snakka om dette, kom ein tredje person og slo følgje med dei. Dei involvera han i samtalen og forklara det som hadde hendt etter at Jesus vart tatt til fange og krossfesta.

«Og vi som hadde vona at han var den som skulle setja Israel fri! Men no er det alt tredje dagen sidan dette hende, og nokre kvinner blant oss har sett oss i uro og undring. I dag tidleg var dei ved grava og fann ikkje kroppen hans, men dei kom tilbake og fortalte at dei hadde sett eit syn av englar som sa at han lever.» (Luk 24,21-24)

Slik fortel Lukas vidare korleis to av dei i kretsen kring Jesus snakka ope saman om si uvisse. Dei opna seg òg for denne som dei trudde var ein framand. Hendigane og spørsmåla var alt-oppslukande for dei.

«Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt!» svara mannen dei. Etter kvart skjøna dei at det var den oppstadne, Jesus Kristus sjølv, som gjekk ilag med dei der på vegen. Då han forklara skriftene for dei, var det som hjartet i dei brann.

Likevel trengte dei tid for å ta underet inn over seg. Ryktet var sant. Jesus var stått opp og kunne vise seg for dei. Etter kvart skulle dei få møte han fleire gonger og få stadfesta og styrkt trua si.

Vi har hørt deira vitnemål. Kva gjer vi med det? Tek vi det som lause rykte, eller er det verd å undersøkje og prata meir om?

Det er mi erfaring at altfor mange held tankar og opplevingar for seg sjølv. Det er når vi deler dei at vi kan få både ny kunnskap, kjennskap og kanskje bli både klokare og tryggare på vegen.

Liding og død er sider av livet som vi helst vil skjerme oss frå. Men påskefortellingane om dei som møtte den oppstadne Jesus gjev von om eit nytt liv og ein ny og betre vår.

Du vår med ljose dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,

Kyrkja – ein stad for sorg og glede

«Eg er oppteken av at kyrkja skal vere ein stad for glede og at alle menneske kan føle seg velkomne.» Det seier Marit Gotuholt (53), som no er blitt leiar i det nyvalde soknerådet.



Barndom og ungdom

Marit er fødd og oppvaksen i Kviteseid. Då ho var åtte år, hende det noko som kom til å prege heile livet framover. Faren fekk kreft og døydde. «På den tida var det ikkje så vanleg som no å spørje borna korleis dei hadde det. Eg gjekk med sorga for meg sjølv. Presten besøkte mor mi eit par gonger, men for det meste var ho nok aleine om si sorg ho også. Ho sat att med fem jenter frå fjorten år og nedover, hadde det tøft, men stod på for familien sin.»

Sjølv om det kom ein skugge av sorg og sakn inn i livet, opplevde Marit at ho hadde ein god barndom. Ho hadde gode vene og var med på mykje, m.a. kor, hornmusikk, skjotning og 4H. «Eg var eit veldig organisert barn», smiler ho.

Utdanning og yrke

Etter tre år på Kvitsund på matte/naturfaglinje, gjekk ferda til Oslo, til Rønningen folkehøgskule og dramalinja der. Deretter til Bergen lærarhøgskule, der ho tok grunnfag i drama. Der vart ho oppmuntra til å bli lærar.

Ferda gjekk så attende til Oslo der ho byrja på lærarhøgskulen. Interessa for drama var djupt personleg. «Sorga hadde gjort meg stille, og eg var eigenleg ganske sjenert, men på scena fekk eg vise kjensler og utfalte dei kreative sidene mine. Frå eg var 10-12 år lika eg å dikte opp og spele sketsjar. Eg hadde sorga i meg, men på scena kunne eg tulle og fjase.»

På lærarhøgskulen skreiv Marit ei hovedoppgåve om barn og døden. «Eg var, og er, opptatt av at born skal bli tekne vare på i slike situasjonar, og dette arbeidet vart også ei bearbeiding av mi eiga sorg.»

Som nyutdanna jobba Marit i Seljord i tre år, i Oslo dei neste fem, og så flytta ho til Kviteseid. Etter det har ho jobba



som lærar i Høydalsmo, Nissedal og Kviteseid, bortsett frå eit år då ho tok engelsk grunnfag i Bergen.

Kristen tru

«Då eg vaks opp, gjekk ikkje familien min fast til gudsteneste, men vi lærte Fader vår heime, og vart sendt på sundagsskulen. Seinare blei det barnelag og Unge Røyster. Trua har eg alltid hatt med meg, og det betydde mykje at ei av systrene mine vart ein tydeleg kristen. Eg var ikkje aleine.»

«Då far min ikkje blei frisk, kunne eg fort ha tenkt at det ikkje fanst nokon Gud, men eg mista ikkje trua. Eg har

alltid vore eit tenkande og undrande menneske. Når eg ser alt det vakre i naturen, tenkjer eg at det må finnast noko som er større enn oss menneske. Eg kviler i den trua.

Kva gjev trua deg?

«Tryggleik og framtidshåp. Eg har ein å gå til for å få styrke og trøyst. Nåden er det viktigaste for meg. Gud gjev alt gratis, og det er ei gåve til alle. Vi treng ikkje gjere det eine eller det andre for å bli verdige for Gud. Og ein god leve-regel er det som Jesus sa: Alt det de vil at andre skal gjere mot dykk, skal de òg gjera mot dei.»

I Kviteseid

*Du har kjøpt bustad ved Sundkilen.
Blir du buande her i Kviteseid?*

Eg trivst her og set pris på naturen og at det er stille og reint, men ein veit aldri kva som kan skje i livet. Eg likar å reise og har litt av byen i meg òg, så eg må i alle fall ein tur ut og besøke vene av og til.

Sokneråd

Tidlegare har Marit vore med i Brunkeberg sokneråd ein periode. «Det var fint, og eg kjende meg heime i Brunkeberg kyrkje. Eg var også med i fellesrådet, og syntes det var interessant å arbeide med kyrkjene, kyrkjegardane, økonomien og dei tilsette.» I forrige periode var Marit med i det samanslårte Kviteseid sokneråd. Då brann ho særleg for arbeidet med musikk og kultur i kyrkja. «Kyrkja er ikkje berre for gudstenester og gravferder, ho må ha ulike tilbod for alle aldrar, og arrangement som gjer dørterskelen lågare»

Leiar no

I haust sa Marit ja til ein ny periode. Etter valet skjøna ho at ho kunne kome til å bli leiari, men det var ikkje noko ho higa etter. «Eg er ikkje oppteken av karrière, og har ikkje drive valkamp. Men eg får ta det som ei utfordring, tenkte eg. Eg er strukturert, og eg likar å administrere. Dessutan er alle medlemene saman om oppgåvene, og ikkje minst har vi ein god prest, ei flink kyrkjeverje og gode medarbeidarar i staben og i kyrkjelyden.»

Somme tenkjer kanskje at dette går

lett for Marit. Ho er handlekraftig, ho kan stå framfor forsamlingar, og ho set ord på sine meiningar. Det er nok sant, men ikkje heile biletet. «Eg er ikkje så tøff som kanskje mange trur», seier ho. «Det fyrste eg tenkte, var: Kan eg dette? Er eg bra nok? Det er ikkje alltid så lett for meg å stå fram, og er noko vanskeleg, har eg ingen heime å få støtte frå. Eg kjenner på ansvaret, og kjenner meg audmjuk.»

Nokre tankar om verksemda

«Kyrkjene våre, frå Kilen der ytst og rundt heile kommunen, er som vakre smykke vi må ta vare på. Det viktigaste er likevel det indre livet som gjev føde for trua og kvardagen. Det skjer mykje godt i kyrkjelyden. Gudstenestene, arbeid for born, unge og eldre, mykje god diakoni osb. Vi har også eit godt samarbeid med dei andre kyrkjesamfunna og med Kvitsund. Det er viktig å sjå det gode vi har og byggje vidare på det, samtidig som vi er opne for nye ting.

No er vi eitt sokn. Då treng vi å styrke samkjensla, samtidig som vi verdset dei banda folk har til sine kyrkjer og fellesskapet lokalt.

Mange er i kyrkja mest berre i gravferder. Eg er oppteken av at kyrkja også skal vere ein stad for glede og for kvardagen, ein plass der alle menneske kan føle seg velkomne, og kan finne ro og hente styrke.»

Vi ynskjer Marit lukke til i oppgåva.

Tekst og foto: Øyvind A. Jørgensen

LYS VÅKEN



I overgangen til desember arrangerte me Lys vaken for 5. og 6. klassingar i kyrkja. Lys vaken er eit opplegg for trusopplæring med overnatting i kyrkja som handlar om at me skal vere vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjølve.

I løpet av døgnet saman hadde me mykje variert program: soveposeløp, workshops (teknisk, song og musikk, skodespel og lyktelaging), refleksløp,

festmåltid og kveldssamling. Lys vaken avslutta med gudsteneste for heile kyrkjelyden. Her deltok borna med det dei hadde gjort på workshopen. Me fekk også framføre Lys vaken sin eigen song og dans, som me hadde lært dette døgnet. Me kan sjå tilbake på eit flott døgn saman med aktive og gode 5. og 6.klassingar!

Tekst: Brit Helen Finstad



«Sårbarhetens kraft»

Ei bokmelding

Som menneske er me på reise i livet, frå fyrste pust til siste andedrag. På denne ferda formast livsramma: våre tankar og kjensler, sorger og gleder, ord og haldningar. Me møtest som unge og eldre i ljose dagar og mørke stunder. Opplever naturen og alt levande. Kjenner på fellesskapet og einsemda. Pustar inn kjærleiken og det sårbare. Alt dette kan me føle og tale om, skrive og samtale om. Me prøver å finne styrke når me er svake.

Tidlegare Tunsberg-biskop Per Arne Dahl (f. 1950) har teke opp dette livstemaet i boka «Sårbarhetens kraft», som kom ut på Gyldendal forlag hausten 2019. Han meiner at det i vår tid er aktuelt å stille spørsmålet: Er det rom for å vere sårbar i verda vår - der den sterke oftast trekkjer det lengste strået?

Forfattaren meiner det er mogleg; det å vere 'sårbar' - er ikkje å vere 'svak'. Tvert imot kan det sårbare livet gjere oss både klokare og sterkare. Men han kjem også med ei åtvaring: Me må passe på at våre såre punkt ikkje blir brukte mot oss av kjenslekalde og ufølsame menneske.

Per Arne Dahl har gjennom sitt yrkesliv som prest, sjælesørgjar og forfattar lytta til mange menneske, som har hatt



det vanskeleg. I denne boka skriv han truverdig og nært om møte med mange. Han har ei personleg evne til å skrive om korleis me kan leve med skjulte plager. Me blir alle på ein eller annan måte merkte av livet; noko som han opplevde sjølv. Som biskop fekk han diagnosen 'sudden deaf' – blei døv på høgre øyre med sterk og vedvarande 'tinnitus'.

Ved lesing av boka opplever me at det krevst mot for å vise seg sårbar. Det er avgjerande korleis me hjelper kvarandre når det buttar imot og røyner på. Ofte knyter Dahl tekstene sine opp mot bibelsk og aktuell litteratur, som utvidar horisonten vår. Såleis nemner han korleis diktaren Hans Børli formar orda sine i diktet Styrke og svakhet: «Styrken – den virkelige styrke – har i si hand en stav som heter svakhet. Den dagen styrken glemmer å stø seg til denne mijå seljestaven, da snubler den i en kingeltråd og brekker lårhalsen.»

Boka «Sårbarhetens kraft» er på 250 sider. Den er delt inn i forord og fem hovedavsnitt: 1. Livet er sårbart og såre godt. 2. «Sår» og «bar». 3. Sårbarhetens kraft. 4. Sårbarhetens

risiko. 5. Rasjonell sårbarhet. Vida-re inneholder quart avsnitt flere bolkar med eigne tema. Boka er aktuell og lett-leesen. Den har kommet i tre oppslag og har fått mange lesarar.

Min Herre og Gud



Min Herre og Gud.

*Du stig meg i møte med strålar og lys
når dagen er ny.*

*Eg rører di kappe før fargane drys
på morgonens gry.*

*Der skriket seg lyfter i by og på land
eg grip kring ei hand.*

Mi einaste von.

*Eg deler mitt brød med dotter og son.
Går ut i ditt namn.*

Min Frelsar og bror.

*Du syner di liding i augo som græt
mens sola ho brenn.*

*Eg kjempar for livet når ropa dei læt
frå elvar som renn.*

*Der heimar slår sprekker i ver og i vind
eg plantar ei lind.*

Min angande blom.

*Eg opnar mi røyst i himmelens rom
Græt stilt ved ditt kinn.*

Min Ande og ven.

*Du kviskrar i stilla at slektene driv
som fuglar i flog.*

*Eg syner dei leier som styrer vårt liv
or straumar og sog.*

*Der krossen får feste i storm og i strid
eg krafta vil gi.*

Mitt brennande lys.

*Eg lutrar mitt hjarte før lauet det drys.
Går inn i di tid.*

Olav Mosdøl

Nytt frå kyrkjeverja

Festeavgift

I samband med budsjetthandsaminga i desember auka kommunestyret festeavgifta frå kr 200 til kr 250 pr år pr grav. Vi fakturerer alle graver kvart 5. år, så fornying av festeavgifta for 5 år vert frå i år kr 1250. Faktura blir frå i år sendt ut på våren i staden for seint på hausten som tidlegare.

Investeringsprosjekt for kyrkjene

2019

I 2019 vart det investert mykje.

1. Nytt flistak på apsen på Kviteseid gamle kyrkje.
2. Brannvarsling og innbrotsalarm i Kviteseid gamle og i Vrådal kyrkje.
3. Arbeid med carporten ved bårehuset i Kviteseid
4. Rehabilitering av to store blyglasvindauge på Kviteseid kyrkje.
5. Utskifting av gamal traktorgravar med ny minilastar.

2020

1. Reparasjon av kyrkjeklokka i gamlekyrkja for om lag 100.000 kr.
2. Fase 2 med rehabilitering av gamlekyrkja, litt utskifting av øydelagde delar av våpenhuset, og mykje takarbeid, for til saman 875.000 kr, der 420.000 er tilskot frå Riksantikvaren
3. Rehabilitering av to nye blyglas

på Kviteseid kyrkje for om lag 190.000 kr. Til no er 4 vindauge ferdige.

4. Stor carport ved bårehuset i Kviteseid gjer at vi får rydda opp utanfor kyrkja og får samla alt av køyretøy, tilhengrar og maskinar på ein plass og under tak. Vi er òg i gang med å fornye og utvide dei to toaletta der. Eitt av dei får universell utforming, slik at rullestolbrukarar òg kan bruke det. Ein bonus av dette arbeidet vart ein fin platting ved bårehuset. Kostnaden vert over 400.000 kr.
5. Så skal vi vonleg endeleg få på plass nye fliser på tårntaket på Brunkeberg kyrkje.

2021

På sist møte gav soknerådet klarsignal til å søkje Riksantikvaren om tilskot til ein større reparasjon av mellom anna det innvendige taket i Brunkeberg kyrkje. Kyrkja vart innvigd i 1790. 4 store takbjelkar har sunke mykje etter stor belastning av vekta av taket i. Det er Riksantikvaren som har invitert oss til å søkje om tilskot til Brunkeberg kyrkje (frå 1790). Større takreparasjoner vart gjort i 1954, og ein av dei aktuelle bjelkane vart skifta i 1978, kan vi lese frå 200-års-skriftet og arkivet.



I februar kom denne delen av carporten der vi ser taket som ble ein fin platting. Fjell under her blei skutt ut i 2019. Toaletta får mellom anna bytta ut sine 60 cm dører med nye på 100 cm.



Nov.2019.



Før utgraving

Foto: Kristen Salmelid

Rekneskapen 2019

Kviteseid sokn hadde i 2019 ei omsetning på drifta på litt over 5 mill. kr. og enda i balanse i forhold til budsjett. På investeringar var det ei omsetning på 2,4 mill. kr.

Til trusopplæringa får vi kvart år støtte fra bispedøme på over kr 140.000. Kommunalt tilskot i 2019 var til drift kr 3,55 mill., og til investeringar kr 1,0 mill.

**450.000 kroner i gåver!
Hjarteleg takk!**

Dette var mellom anna:

- Til Kyrkjebladet: kr 47.600. (budsjett var på 60.000, og utgiftene vart nær 78.000).
- Faste månadlege gåver (Gjevarteneste med AvtaleGiro): over kr 75.000. Dette går til soknet sitt arbeid blant born og unge, og til diakoni. Dette er alle velkomne til å vere med på.
- Offer på gudstenester: nær 300.000 kr, der 207.000 kr vart samla inn til og vidaresendt til gode føremål utanfor soknet.

BARNAS SIDE

Finn 5 feil

Etter at Jesus døydde, gøynde lærersveinane seg. Dei var redde og lei seg. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?


Teikning: Claudia Chiaravalotti



Fargelegg!

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Men Jesus sto opp frå dei døde, og viste seg for Tomas og dei andre lærersveinane!



Finn namn på 10 insekt!

I ruta nede under har vi gøynt namna på 10 insekt. Namna står bortover og nedover. Klarer du å finne alle saman?

R	E	V	L	I	N	S	N	I	P
G	R	E	S	S	H	O	P	P	E
M	K	P	L	A	U	M	R	L	T
A	E	S	O	T	M	M	A	U	R
R	F	Å	P	R	L	E	T	S	O
I	J	U	P	I	E	R	E	S	V
H	O	M	E	G	S	F	L	U	E
Ø	M	U	M	I	L	U	S	L	L
N	P	I	L	I	O	G	V	P	Ø
E	K	A	K	E	R	L	A	K	K

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement
på Sondagsskolen.no
eller 22/08 71 00



VITSAR

- Mamma, hugsar du den dyre vasen du var så redd for at skulle bli øydelagt?
- Ja?
- Eh, no treng du ikkje å vere redd for han lenger ...

– Mamma,
hugsar du den
dyre vasen du var så
redd for at skulle bli
øydelagt?

– Ja?

– Eh, no treng du
ikkje å vere redd for
han lenger ...

18. april



Familiesamling med Jarle Waldemar

Laurdag 18. april er alle velkommen til familiesamling i Kviteseid kyrkje kl. 12.

Mange kjenner Jarle Waldemar frå sommarstemne eller andre kyrkjelyder der han har delteke med kreativ forkynning og song. Han har òg gjeve ut DVD-ar med Jarle-TV, eit kristent barne-TV-program med trylling, musikkvideoar, andaktar, dokketeater og drama. Hans sprudlande og livsglade formidling av tru og liv har vært til inspirasjon og oppmuntring for mange. Gå ikkje glipp av denne laurdagen for barn i alle aldrar.

Ønsket & elsket – konfirmantarbeid

18. april er òg kvelden då alle 8. klassingar er invitert til Kick-off før konfirmanttida. Kick-off-samlinga er i Husdyrhallen på Dyrskuplassen i Seljord. No er det tid for å melde seg som konfirmant. Se ønsketogelsket.no.

Seminar for leiatar i barne- og ungdomsarbeid

Laurdag 18. april kl. 16 inviterer vi til seminar med Jarle Waldemar for leiatar. Denne samlinga er på Misjonshuset.



Takk til Svein

Frå ganske langt tilbake har det vore tradisjon med jolegudsteneste i Kilen siste sundag før jol, og i mange år har Svein Holberg stelt i stand eit «annleis jolebord» i kyrkja etter gudstenesta. Slik var det også sist jol. Kyrkjelyden, ein god flokk av fastbuande og tilreisande, kunne setje seg til eit bord med mykje god mat, og alle kosa seg i hyggeleg samvær med kvarandre. Til slutt gav soknepresten ein blom til Svein som takk for maten og for arbeidet med dette fine arrangementet.



Foto og tekst: Øyvind Jørgensen

Døypte

Kviteseid: Agnete Bjåland Eikland

Vrådal: Ingrid Straand Skarprud

Vigde

Vrådal: Ragnhild Lassemo og
Benedikt Nødland

Døde

Fjågesund: Aslaug Adeleide Lauvstad

Brunkeberg: Anlaug Groven

Agnes Hauglid

Vrådal: Kåre Andresen

Terje Noralf Nekstad

Kviteseid: Anna Norheim

OPPSLAGSTAVLA

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

18. april (sjå s. 13)

- * Familiesamling kl. 12.00 i kyrkja
- * Seminar kl. 16.00 på Misjonshuset
- * Kick- off for 8. klassingar

Diakonisamlinga 2020: Laurdag 18. april er det felles diakonisamling i Vinje kyrkje kl. 16.30. Foredrag ved kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum. Mat og Avslutning med gudssteneste.

Godhetsveka 4.-9. mai – merk datoane.

For deg som vil vere med og hjelpe.

- For deg som sjølv kan trenge hjelp.



Føremiddagstreff

- 22. april kl. 11 på Misjonshuset
- 13. mai kl. 11 i kyrkja
- 1. juli kl. 12 på bygdetunet
- sommaravslutning

Misjonshuset i Kviteseid:

April

- | | |
|-------------------------|--|
| 05.04. kl. 10.00 | frukost og kl 11.00 o-100 – Inge Håvard Jore |
| 07.04. kl. 19.00 | Tysdagsmøte – Øyvind Jørgensen |
| 19.04. kl. 11.00 | o-100 – Martha Irene Eriksrød |
| 21.04. kl. 19.00 | Tysdagsmøte – Kjell Lofstad |
| 26.04. kl. 11.00 | o-100 Basar – Hans Arne Rogn |
| 28.04. kl. 19.00 | Tysdagsmøte – Bjørn Lauritsen |

Mai

Tysdagane i mai vert det dugnad. Vel møtt!

- | | |
|-------------------------|------------------------|
| 24.05. kl. 11.00 | o-100 – Sam Tore Bamle |
|-------------------------|------------------------|

Juni

- | | |
|-------------------------|-----------------------------------|
| 02.06. kl. 19.00 | Tysdagsmøte – Tor Egil Abrahamsen |
| 09.06. kl. 19.00 | Tysdagsmøte – «Åpen Bibel» |
| 14.06. kl. 11.00 | o-100 - Sommerfest |

RETURADRESSE:
KYRKJEKONTORET
KVITESEIDGATA 13
3850 KVITESEID

Gudstenester

APRIL

Sun 5. Inga gudsteneste

Tors 9. Skjærtorsdag

Vrådal kl. 18.00. Fellesskapsmåltid i kyrkja.
Nattverd. Møyfrid Lunde. Ofr. KIA

Fre 10. Langfredag, Mark 14,26-15,37
Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Ofr. Det norske
bibelselskap

Sun 12. Påskedag, Luk 24,1-9
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet
Vrådal kl. 13.30. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

Man 13. 2. påskedag, Luk 24,13-35
Fjågesund kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid
Lunde. Ofr. Kyrkjelydens Misjonsprosjekt

Laur 18. Felles diakonigudsteneste
Vinje kyrkje kl.16.30

Sun 26. 3. sundag i påsketida, Joh 10,11-18
Vrådal kl. 11.00.
Samtalegudsteneste med konfirmantane.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

MAI

Sun 3. 4. sundag i påsketida, Joh 16,16-22
Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Sundagsskule. Ofr. NLM

Sun 10. Felles gudstenesteleg
avslutning av godhetsveka.
Kviteseid kl. 11.00. Asgeir Sele

Sun 17. 17. mai, Salme 127,1-3
Gudstenester v/Møyfrid Lunde

Kviteseid kl. 11.00. Barnegospel.
Ofr. Blå Kors Norge
Fjågesund kl. 12.30.
Ofr. Kirkens SOS Telemark
Brunkeberg kl. 13.45. Ofr. Sjømannskirken

Lør 23. Konfirmasjonsgudsteneste,
Joh 15,26-27
Vrådal kl. 11.00. Konfirmasjonsguds-
teneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid

Sun 24. Sundag før pinse, Joh 15,26-27
Brunkeberg kl. 11.00.
Konfirmasjonsgudsteneste.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid

Sun 31. 1. pinsedag, Joh 20,19-23
Kviteseid kl. 11.00. Konfirmasjons-
gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid

JUNI

Sun 7. Treeiningssundag, Matt 28,16-20
Kviteseid kl.11.00. Familiegudsteneste.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Sun 14. 2. sundag i treeiningstida,
Matt 3,11-12
Vrådal gml. kl.11.00. Friluftsgudsteneste.
Møyfrid Lunde kyrkjegard
Ofr. IKO – Kirkelig pedagogisk senter

Sun 21. 3. sundag i treeiningstida,
Luk 14,15-24
Kviteseid gml. kl. 11.00. Gudsteneste m/
Landstad-salmar. Møyfrid Lunde.
kyrkje Ågapet. Ofr. Kvitsund Gymnas

Sun 28. Inga gudsteneste